



## MØTEREFERAT: NARMA arbeidsutvalg

Møtetid: Tysdag, 18.10.16, 12-14

Møtested: Nettmøte, connect.uninett.no

Tilstede: Troels Jacobsen (leder; UiS), Konstantinos Chilidis (UiO), Eirin Fausa Pettersen (HiB), Ståle Liljedal (UiT), Tanja Strøm (HiOA), Stian Sundell Torjussen (HiH)

Ellers møtte: Ragnar Lie (UHR), Målfrid Tangedal (UiA, referent)

Forfall: Eli Andås (UiA), Hanne Sørgjerd (NTNU), Solveig Fossum-Raunehaug (NMBU), Kathrine Huke Markengbakken (NTNU), Nina Hedlund (Forskningsrådet),

Arkivref.: 16/03531

### **2016/06 Oppfølging av referat og arbeidsnotat frå førre møte, 05.09.16**

Utkast var utsendt i e-post 05.09.16 med kommentarfrist 08.09.16. Forskningsrådet, ved Nina Hedlund, hadde éin ytterlegare kommentar, som vart teken omsyn til. Endeleg referat vart sendt ut 16.09.16

### **2016/07 Orientering: Avtale med Meetings inngått for Vårkonferansen 2017**

- Det er inngått avtale med Meetings for konferansestøtte til Vårkonferansen 2017.

### **2016/08 Orientering: Valkomité og utskifting i AU neste år**

- Valkomiteen er kontakta, og har fått informasjon om kven som er på val og liste over kontaktpersonar til medlemsinstitusjonane
- Alle som er på val, kan veljast igjen, om dei er villig til å stille i éin periode til

### **2016/09 Orientering: The Path to EU excellence – Kompetansebyggingsprosjekt NFR**

- NFR er i ferd med å bygge opp eit kompetansebyggingsprosjekt for forskingsadministratorar (EU-rådgjevarar)
- NARMA bør komme opp med innspel til kurs/seminar som kan gå inn i porteføljen. Sekretariatet følgjer opp dette.
- NFR har etablert nettsider med informasjon om kurstilbodet. Arbeidsgruppa skal levere eit komplett opplegg innan årsslutt
- NARMA, ved Ragnar, Målfrid, Konstantinos og Stian har gitt tilbakemelding både i møte og i etterkant (skriftlig) til kursopplegget
- Nytt møte med NFR 8. november. Hovudtemaet er bruk av ressursar spesielt retta mot institusjonar som ikkje har støtteapparat for H2020. NFR ønskjer NARMA involvert i

- dette prosjektet. NARMA må i så tilfelle vurdere korleis vi kan nytte ressursane som ligg i prosjektet. Dersom det er aktuelt med stillingsressursar, kan denne nyttast til å utvikle og koordinere eit kursopplegg. Vi bør i så tilfelle sjå på dei tilboda EARMA/ARMA tilbyr sine medlemmar. Troels, Ragnar og Målfrid deltek på møtet
- SIG-sidene for karriereutvikling er oppdatert med informasjon om kompetansebyggingsprosjektet.

## **2016/10 NARMA våronferanse 2017**

- Innspel frå AU og eksterne vart gjennomgått.

Status for parallellesesjonar:

Det er så langt berre parallellesjonen om IPR som er klar, med innleiarar. Dei resterande parallellesjonane er berre på planleggingsstadiet, og fleire har ikkje satt tema for sesjon enno. Følgjande vart diskutert innan dei ulike temaa:

- Open innovation - (Open Science) – er det for tidleg med ein parallellesjon om dette? Kan sesjonen innleiast med ei oversikt over sektoren og kvar den står no? Kva er Open Science, kva føregår, og kor står dei ulike prosessane? Internasjonalt føredrag? To-tre EU-område har dette som hovudfokus, kanskje desse kan inviterast. Alternativt tema for plenum på onsdag.
- H2020, forskingsstøtte: ARENA og Det juridiske fakultet (Randi Rørlie) ved UiO kan begge ha gode eksempel på forskingstøtte. Ev. kombinere med eit eksempel frå ein mindre institusjon? Andrew Chamberlain og Eugene Sweeney føreslått som innleiarar. Anna aktuelt tema: Bruk av TTO i forskingsstøtte. Inger Nordggård ved UiB kan kontaktast om TTO og forskingstøtte. Ønskeleg med samfunnsvitskapleg/humanistisk perspektiv på parallellesjonen. ANSVAR: Constantinos
- CRISTIN og bibliometri –vår 2017 kan vere for tidleg for CRISTIN. Kan vere aktuelt dersom ein får tak i KD-ansvarleg, Haakon Kobbenes i KD. Kanskje i kombinasjon med Stig Slipersæter. Er NIFU ein aktuell ressurs? Dersom dette ikkje er nok til ein heil parallellesjon, er det mogleg å kombinere det med ein annan parallellesjon? ANSVAR: Tanja
- Forskingsetikk: Har vore i kontakt med SIG-en for å få innspel. Aktuelle tema er bl.a. ny forskingsetikklov – for eksempel implementering av den. Rettleiarrolla er også føreslått. Planlagt SIG-møte. ANSVAR: Eirin
- Parallellesjon om karriereutvikling (NFR – kompetanseprosjekt) – under utvikling. ANSVAR: Ragnar
- Infrastruktur – prising av tenester (MEDFAK). Det er mogeleg at dette er litt for smalt til at det passer for ein parallellesjon. ANSVAR: Ståle
- Økonomi: aktuelle tema: TDI, drift og revisjon, prosjektstyringsverkty, postgrant (EU) – rapportering/drifting/revisjon. ANSVAR: Ståle og Kathrine.
- Prosjektstyringsverkty: Er det aktuelt å invitere kommersielle aktørar til å presentere ulike prosjektstyringsverkty i ein sesjon?

Plenum:

- Forskningsrådet er kontakta, men det er ikkje avklara om Röttingen har høve til å stille.
- Mogeleg alternativ: LEAN frå København universitet ved Tina Lewis, ev. karriereprosjekt ved UiO (Linn Kristin Stølan), ev. RAAAP-survey, ev. kombinasjon av desse. Innspel om Lean: kan vere interessant, også som del av plenumssesjon.

AU fekk inn ein del innspel som ikkje vil vere aktuelle for våronferansen, men som kan vurderast for seinare SIG-workshops. Det kan vurderast om SIG-medlemmer skal inviterast til eit for-arrangement mandag kveld, ev. middag for å inspirere til meir aktivitet

## **2016/11 Nyheitsfangst vårkonferanse 2017**

- Arbeidsutvalet vedtek å nytte seg av Eva Beate Strømsted sine tenester ved vårkonferansen 2017. Sekretariatet vil ta kontakt med Strømsted for oppdrag og avtale

## **2016/12 Planlagde SIG-aktivitetar 2016/2017**

- Så langt ingen workshops planlagt.
- Mangel på kapasitet heller enn mangel på tema. Ev. ressursar frå NFR kan hjelpe med å iverksette ein del aktuelle workshops som AU for tida ikkje har tid til å arrangere
- Vårkonferansen kan nyttast til å promotere kommande workshops
- Utfordring å få SIG-medlemmane aktive i workshop-planlegging

## **2016/13 Bestilling av profilartiklar**

- Sekretariatet bestiller profilvarer i som føreslått i innkallinga

## **2016/14 RAAAP-survey**

- Når resultat er klar for publisering vil vi gjere dette på NARMA.no

## **2016/15 Eventuelt**

### **Neste møte:**

22. november kl. 12-14.

Møtet vart avslutta kl 14:10